

Å samanlikne tekstar

Å lese i desember

Kva slags tekstar forbind du med desember?

Kan du hugse kva mamma, pappa eller læraren din brukte å lese for deg då du var liten?

Kva slags tekstar har du sjølv lese?

Kva slags
desemberaktuell
tekst siktar dette
biletet til, trur du?



Kva hugsar du frå teksten «Den vesle jenta med svovelstikkene»?

To og to saman. Ein av dykk noterer ned svara på spørsmåla:

- *Kva går handlinga ut på?*
- *Hugsar du kva slags type sjanger teksten er skriven i?*
- *Kva kjenneteiknar denne sjangeren?*
- *Hugsar du kva slags kjensle teksten gav deg då du las han?*



A night-time photograph of a city street during a heavy snowfall. The street is covered in snow and slush, with visible tire tracks. In the background, a multi-story building has a vertical sign that reads "SPACES." in white capital letters. The scene is illuminated by streetlights and building lights, creating a blue and white color palette. A person is walking on the sidewalk on the left side of the frame.

Les høgt «Den vesle jenta med svovelstikkene», som de finn [her](#).

Samtal og svar på oppgåvene under

To og to:

- Kva slags type tekst er «Den vesle jenta med svovelstikkene»?
- Kva slags tid er handlinga lagd til? Når trur du teksten er skriven? Korleis kjem det til uttrykk?
- Kva slags sjanger er teksten skriven i?
- Kva særtrekk ved sjangeren finn du att i teksten?
- Korleis vil du karakterisere skrivemåten?
- Kan du kjenne att bruken av nokon språklege eller litterære verkemiddel?
- Kva går handlinga ut på? (motivet)
- Kva er temaet i teksten?
- Har teksten ein budskap?



Tekst i samtidskontekst

Kan temaet og
bodskapen i eventyret
vere relevant i dag?

På kva slags vis då?



Vi skal no lese teksten «Guten med mobiltelefonen» av Frode Grytten. Kva trur du teksten handlar om?



Guten med mobiltelefonen

AV FRODE GRYTEN



OM KVELDEN TOK DET til å snø, i løpet av ein halvtime var gatene kvite, men snøen heldt fram med å falle. Brøytebilane kjørte utan stans i eit forsøk på å fjerne alt saman. Folk som hadde vågd seg ut i denne årets siste kveld, lente seg mot vinden og pakka seg inn i jakker og klåper. Guten blei ståande midt i gata og stirte opp mellom husa. Himmelen hadde forsvunne. Sjølv lufta såg no ut til å vere kvit. Det var fint å sjå på. Ein by full av fallande snugg.

Guten gikk vidare. Butikkvindauga skein. Dei var pynta med lys på kross og tven. I eitt av vindauga oppdaga han ein drøss med tv-ar. Alle var slått på, og alle viste korleis snøstormen herja. Han kunne ikkje høre kva folk på tv sa, men det var ikkje tvil om at dei snakka om uværet. Ei dame i kjole stod framfor eit digert kart og peikte på skyer og snøkrystallar. Guten såg bilde av bilar som hadde kjørt seg fast, fly som var fanga på bakken, menn og kvinner som ropte i mikrofonar mens vinden tok tak og fillerista dei.

Han var kald og skulle til å gå vidare då han oppdaga noko rart. Stod det ikkje Alan på alle tv-ane der inne? Var det ikkje hans namn som sklei frå høgre til venstre

Spørsmål til «Guten med mobiltelefonen»

To og to samtalar om spørsmåla og tek notat undervegs.

- Kva slags tid er handlinga lagd til? Når trur du teksten er skriven? Korleis kjem det til uttrykk?
- Kva slags sjanger er teksten skriven i?
- Kva særtrekk ved sjangeren finn du att i teksten?
- Korleis vil du karakterisere skrivemåten?
- Kan du kjenne att bruken av nokon språklege eller litterære verkemiddel?
- Kva går handlinga ut på? (motivet)
- Kva er temaet i teksten?
- Har teksten ein bodskap?

Å bruke faglege omgrep

Før du samanliknar tekstane, skal du lære deg to omgrep, nemleg

- *intertekst*
- *allusjon*

Slå opp omgrepa i norskboka di eller les om allusjon [her](#) og intertekst [her](#).


Korleis kan du bruke omgrepa inn mot dei to tekstane du har lese?

Kva slags andre norskfaglege omgrep er relevante å ta i bruk når du skal samanlikne tekstar?

Å samanlikne tekstar

Når vi samanliknar tekstar, vert også kontekstane dei er skrivne i, viktige. Eit slikt arbeid kan gje oss betre innsikt og forståing for kva det vil seie å vere eit menneske til ulike tider, og kva som pregar historia til enkeltindividet og samfunnet rundt det. Det kan også gje oss ei djupare forståing for ulike teksttypar og korleis eit tema kan kome til uttrykk på ulike måtar.

Ein kan samanlikne tekstar gjennom ulike vinklingar.



Å samanlikne tekstane «Piken med svovelstikkene» og «Guten med mobiltelefonen»

Kva bind og skil tekstane frå kvarandre når det gjeld:

- tidsepoke
- sjanger
- verkemiddel
- skrivemåte
- [motiv](#)
- [tema](#)
- [bodskap](#)

Bruk [skriveramma](#) som læraren din deler ut.

Skriftleg oppgåve

Skriv ein heilskapleg tekst der du diskuterer kva som bind og skil tekstane frå kvarandre. Bruk notata dine, [skriveramma](#) og frasesamlinga du får utdelt av lærar, som støtte for skrivinga.

Munnleg oppgåve

Bruk teksten din som bakgrunn for ein munnleg presentasjon. Film presentasjonen din og lever han inn. Døme på innspelingsprogram du kan nytte, er TechSmith Capture og Screencastify.

Vurderingspunkt for skriftleg innlevering

- du samanliknar tekstane med utgangspunkt i punkta som er gitt, og viser til bevis i teksten
- du brukar faglege omgrep i samanlikninga di (*sjanger, litterære og språklege verkemiddel, skrivemåte, allusjon, intertekst, osb.*)
- du grunngjev synspunkta dine
- du skriv korrekt og med god språkleg flyt

Vurderingspunkt for munnleg innlevering

- du samanliknar tekstane med utgangspunkt i punkta som er gitt, og viser til bevis i teksten
- du brukar faglege omgrep i samanlikninga di (*sjanger, litterære og språklege verkemiddel, skrivemåte, allusjon, intertekst, osb.*)
- du grunngjev synspunkta dine
- du ordlegg deg presist
- du snakkar uavhengig av manus

Ut av teksten – refleksjon

Er tematikken og budskapet i eventyret «Piken med svovelstikkene» framleis aktuell i dag?

Sjå filmen på neste lysbilette, og diskuter kva vi kan gjere for å hjelpe dei som ikkje har det like godt som oss.

